Den Norske folkekyrkja

Forord til den elektroniske utgave

Dette verk av **Bernt Theodor Anker** (1867-1943) er digitalisert i juli 2013 av Nasjonalbiblioteket, Oslo og tilpasset for Projekt Runeberg i september 2014 av Ralph E.

ai iimrr i •»' »

lien

Hoijtc jolfckfj«

B. €£?. 2(nfer

Oslo $07

tTorigs mtgbcmtslag og StuöcuMuaallaaet

mange høgskulelærarar. I tilleggsbladet

Ungdomen

kjem det forteljingar, dikt og utgreidingar.

Hegskulebladet med Ungdomen kostar 1 kr. halvaaret.

Expd. er paa Fandrem.

Bladstyrar: høgskulelærar Ingvald Forfang, Torshus folkehøg-skule, Orkedalen.Norske folkeskrifter 40

Den

Norske folkekyrkja

Ungdoms-foredrag

av

I <

B. Th. Anker

Oslo

Norigs ungdomslag og Student-maallaget

1907Johansen & Nilesens prenteverk.Den norske folkekyrkja vart innvigd paa Stiklestad, der Olav Haraldsson let livet under Jesu Kristi krossmerke. De veit det heitest i eit kvæde : at mannen han stupte, men merket det stod. Fraa den dagen stod det so fast i Norigs jord, at det stend her den dag i dag.

No hev kyrkje-klokkorne ringt ut yver by og hygd i desse mange hundrad aar. Den eine ætt etter hi hev samla seg under kyrkjekvelven. Der hev dei mange funne fred. Der hev dei mange lagt fraa seg' byrderne sine og samla styrke til arbeidet sitt. Dit hev dei bore smaa-borni sine og lagt deim i Jesu frelsar-armar. Dit hev dei ført ungdomen sin, so han kunde faa vigsla yver livet fyrr han gjekk ut i verdi. Dit hev dei gjenge par um par og lagt hand i hand framfor altaret. Og dit hev siste ferdi gjenge, med' kyrkjeklokkorne hev ringt yver gravi.

Det er daa ikkje aa undrast paa at folkekyrkja vaar hev sett djupe merke i folket. Det beste me eig av aandsliv og aandsvokstr er runne or kristen-trui. Eg trur ikkje eg segjer for mykje — : at det norske folk hev kyrkja si aa takka for sjølve livs-varmen og livs-voni i folkevokstren. I mine augo er den norske folkekyrkja den gjævaste nasjonale herlegdomen me hev erut fraa fedrarne.

Fedra-arven hev vorte ille medfaren her i landet. Me hev vore snare til aa selja det gamleerve-sylvet vaart. Soleis hev og folkekyrkja vaar lenge kjent nøgdi av vanvyrdnad.

Mange kristne hev snutt ryggen til henne7 „meldt seg ut" or kyrkja. Mange stend att med vondt samvit: denne masse-kristendomen kann ikkje vera etter Vaarherres vilje, meiner dei.

Det er daa Jesu Kristi store kongs-tcinke detter at kyrkja hans skal hava rom aat alle. Daa han sende apostlarne ut, sa han: gjer alle folkeslag til mine disiplar, med di de døyper deim og lærer deim halda mine ord. Dermed hev Jesus Kristus innstifta folkekijrkjorne paa jordi: kvart folkeslag, skal heilt og fullt faa rom i hans rike.

Difor hev og all missjon, like fraa apostel-dagarne til vaare dagar, sigta paa aa skipa folke-kyrkjor i alle land. Missjonærarne no nm dagen er ikkje nøgde um dei fær umvendt aldri so mange einskilde heidningar. So snart det er raad med det, freistar dei faa tak i borni og ungdomen gjenom daap og undervising. Fyrst naar dei soleis hev fenge ei folkekyrkja paa missjonsmarki, tykkjer dei at dei hev løyst si uppgaava.

Her i landet gjeng mange og ynskjer at folkekyrkja skulde ramla. Ja ramla ho, so er eg viss um at kristne foreldri straks vilde ynskja henne attende. Foreldri vil daa hava borni sine med seg. Ein kann vera kaldklok naar det g'jeld andre; gjeld det eins eigne, fær hjartelaget tala. Det vilde vera ein fælt tronghjarta kristendom som vilde stengja kyrkjedørerne for borni og ungdomen, berre av rædsla for namnkristne.

Røynslorne i vaare sekt-kyrkjor gjeng i same leidi. Kor mange hev ikkje skipa dei smaa kyrkje-samfundi i den trui: dei skulde faa ei rein kyrkja med berre sanne kristne. Fleire av deim hev sagt det beint ut til meg: me tok i miss, me hadde tenkt me skulde fenge ei rein kyrkja av berreheilhuga kristne; men me kunde ikkje stengja borni vaare ute; og no hev den vesle kyrkja vaar vakse med born og barneborn, so no hev me same blandingi som i den store folkekyrkja.

Ja sjølvsagt vil det alltid ganga so. Og Frel-saren hev ogso peika paa det: i hans rike paa jord vil det verta ei blanding. De kjenner liknaden um ugraset paa aakeren. Disiplarne vilde gjerna ryskja upp ugraset. Men Jesus segjer: det skal de fint lata vera; de er ikkje god til aa gjera det paa rette maaten; kor lett kunde de ikkje ryskja upp kornet med ugraset; nei lat deim veksa saman til dess hausten kjem.

Naar Jesus toler det, so lyt me og tola det. Det er tungt med dei mange døypte som ikkje bryr seg um kristendomen. Det er svære upp-gaavor ei folkekyrkja legg paa oss som vil tena henne: me er nøydde til aa agta paa alle borni som veks upp, alle ungdomarne som gjeng ut i livet, alle heimarne, alle sjuke og gamle og fatige, — ingen stend utanfyre. Men: um uppgaava er svær, so hev me ikkje lov aa kasta lienne fraa oss. Um det er lettare aa arbeida i ei liti sektkyrkja, so høyrer det med til aa taka krossen upp og fylgja Kristus: aa taka upp det tange arbeid og dei tunge lyft han legg paa oss i folkekyrkja.

Og skulde ikkje folkekyrkje-tanken gjera oss varme um hjarta — ? kvart einaste barn som vert fodt her i landet, fær barneretten lijaa Gud; Guds far-armar stend ferdige og tek imot alle norske menner og kvinnor fraa fyrste til siste stund.

Dette er folkekyrkja vaar aa takka.

Ho er vaar mor. Jamvel um mange tykkjer ho er ei laak mor. Ho tok oss paa fanget daa me var smaa, og lærde oss den gamle soga : um Vaarherre Jesu Kristi naade og Guds kjærleik og Heilag-aandens samfund. Fraa henne strøymerJesu Kristi hjartelag iit-yver landet. Soleis hev ho bore folket vaart lippe: hans kjærlege lieilage tankar hev ho gøymt paa, so barneretten og barnegleda kann ganga i arv fraa ætt til ætt.

Det er ikkje fint av borni aa vanvyrda mor si um ho er laak vorti. Er dei so mykje lenger komne, so hev dei no mest mor aa takka: ho hev bore deim lengste stykket paa veg. Tru det vilde ikkje verta til meir velsigning um borni g'jekk i seg sjølve? og skulda seg sjølve for det som gale er! Naar du hev det vondt, mor, so er det av di me hev forsømt deg! Heretter vil me bruka all vaar evna til aa byggja upp for deg, so du kann faa det betre, og liva friåre og sterkare!

Den som er trugen i det mindre, skal verta sett yver meir.

Mange liknader hev Jesus bruka til aa teikna folkekyrkjorne for oss. Me hev liknaden um se-naps-kornet og liknaden um surdeigen. Me hev liknaden um noti som sankar inn av alt slag~f naar ho vert full, vert ho dregi paa land, og dei friske fiskarne vert utskilde fraa dei rotne. Daa er det ikkje nok aa vera døypt og undervist; daa spyrst det etter kva frukt daapen og undervisingi hev bore. Men til dess er det Jesu kongelege vilje: kyrkjedøri skal standa opi for alt slag folk. Han sender tenarane sine ut aa beda alle: kryp-lingar, halte, blinde, strokepakk utmed vegjerne; „bed deim koma inn, so huset mitt kann verta fullt!" for der er rom aat alle; og han vil ikkje at nokon sitt rom skal standa tomt. Kjem her daa inn slike som ikkje hev brudlaupsklædnaden paa,. — det er ikkje mi sak eller di sak, det vert hans sak, han vil me skal halda kyrkjedørerne opne for heile folket.

Gjev me maatte vida ut hjarto vaare, so me kunde roma meir av Jesu store kongs-tanke!Naar Frelsaren vil peika paa det arbeidet ei folkekyrkja gjer i eit folk, — daa er det han talar um surdeigen som syrer igjenom heile deigen, d. v. s. igjenom heile folkelivet.

Kyrkjesoga veit aa fortelja korleis det hev gjenge til. ikkje so at alle i eit folk hev gjeve Gud hjarta sitt, det vaagar me ikkje segja. Men soleis at alle i eit kristna folk vert paaverka av kristendomen, paaverka i sin tankegang, paaverka i si livevis, — so dei tenkjer onnorleis og liver onnorleis i eit kristna land enn i eit heidningland.

I vaar norske kyrkjesoga kann me peika paa dette fraa fyrste tidi.

Berre 45 aar etter slaget paa Stiklastad (1075) skriv erkebispen Adam av Bremen, som den gong styrde dei nordiske kyrkjorne: nordmennerne, segjer han, er no ikkje lenger trælbundne under dei avstyggjelege kunsterne aat heidninge-trollmen-nerne, men er umvende til spaklynde sannkjen-narar av den krossfeste Kristus. Folkelivet var ikkje til aa kjenna att. Fyrr hadde mord vore kvardagshende, no var det ikkje so lenger. Fyrr hadde blodhemn vore ei ære-sak ; no var blodhemn stempia som synd. Fyrr hadde dei havt trælår; no gav dei trælarne sine fri. I det heile hadde folkelivet paa den eine mannsalderen fenge ein annan svip. Det hadde surdeigen — Jesu Kristi evangelium — gjort.

Gjeng me hundrad aar fram, moter me det gamle kvædet som er kjent under namn av Draum-kvædet. Daa hev kristen-tankarne soleis gjenom-syrt folketankarne, at folket sjølv tek til aa kveda nm dei kristelege sanningarne. Me kann segja: i Draumkvædet hev me ein gamall kristeleg barnelærdom, fraa den tid her ikkje fanst skular i bygderne vaare, daa foreldri og fadrarne laut læra borni kristendom. Daa kann me vei a trygge paa:— 8 —

mang ein gong sat smaaarne paa fanget aat dei gamle, og so song dei kristendomen inn i barne-hjarta gjenom slike kvæde som Draumkvædet. Paa den visi knnde Draumkvædet ganga fraa munn til munn i 6—700 aar, fyrr det vart nedskrive.

Gjeng me hundrad aar lenger fram, kjem me upp i blømings-tidi aat den gamle norske bokheimen.

Tvo skrifter vil eg nemna fraa den tid: Kongs-spegelen og Heimskringla.

Kven som hev skrive Kongsspegelen, veit me ikkje. Ein av dei lærdaste menner paa si tid hev det vore; det er ein makelaus lærdom me møter i den boki. Men gjenom all lærdomen gjeng det som ein raud traad: korleis ein skal te seg som kristen i alle høve. Det held han upp til ein spegel for kongs-sønerne (som han kann henda hadde til uppfostring; difor namnet Kongsspegelen). Han viser deim kor dei skal liva som det sømer seg kristne, anten dei er heime eller ute, aaleine eller i gjestebod, i kongsborgi eller paa kjøpmanns-ferd. Naar du skal ut og handla, segjer han, tak daa alltid ei still stund fyrst um morgonen og bed dei bøner som du kann. Ransaka varorne dine, at dei ikkje skal ha fenge eit lyte; og hev ei vara fenge eit lyte, so seg det beint fram til den som vil kjøpa henne, daa skal du ikkje heita ein svikar. Det er surdeigskraft i dei ordi der: det er mykje betre hava eit uskadt samvit, enn sanka urettferdigt gods.

Snorre Sturlason, som skreiv Heimskringla, var ikkje nokon sers gudeleg mann. Men likevel lyt han sjaa med kristen manns auga og tala med kristen manns tunga. Serleg i soga aat Olav Haraldsson — viser det seg at Snorre hev vit paa kva kristendom er. Han hev god greida paa kva det skulde til for at slik ein vill-styring av eingut kunde verta ein heilstøypt kristen. Det er ei av dei finaste sjælesog'or ein kann lesa: korleis Olav Haraldsson smaatt um senn til slutt lærde bøygja sin vilje heilt under Guds vilje.

Naar soleis sogeskrivarane og bokskrivarane den tid bruka Kristi Ijos til aa lysa ut yver soga og ut yver livet, daa tykkjer eg surdeigen hadde syrt vel igjenom tankegangen hjaa folket vaart.

I det heile stod det ikkje so ringt til med kristendomen i den gamle tidi som mange hev meint.

Me er lenger komne i upplysning — og lenger komne i andre stykke og. Men i eitt stykke stod fedrar ne vaare høgre: den tid var kyrkja og folket her i landet eitt ; kyrkja var ein heim for folket, folket kjende seg heilt heime i kyrkja si1).

Me fekk kristendomen fraa England. I moderarv fraa den angelsaksiske kyrkja fekk me den folkelege og nasjonale svip som sermerkjer millom-aldersky rkj a i Norig.

Morsmaalet vart bruka i kyrkja. Dette var noko sjeldsynt i den tid; daa gjekk alt paa latin. Her i landet messa nok prestarne paa latin fraa altaret; men so var dei paalagde (liksom i England) at dei skulde ganga fram og leggja ut Guds ord for folket paa deira eige maal. Me eig enno preikor fraa den tid, der me kann sjaa kor dei gamle prestarne tala evangeliet folkeleg og hjarteleg paa det gamle norrøne maal. De kann vita kor det maatte gjera den norske kyrkja heimleg for folket.

Ein annan ytre ting hadde og store fylgjor: prestarne gifte seg inn i bonde-ætterne. De veit paven forbaud

prestarne aa gifta seg. Men korkje

*) Professor Taranger hev gjeve oss eit fint bilæte av „den eldste kristendom i Norge". (Rolfsens lesebok IV).— 10 —

i England eller i Norig vart dette heilt etterkome. Prestarne gifte seg' inn i folke-ætterne, fekk dermed sams hugmaal med folket; prestarne kjende seg eitt med folket, og folket saag paa prestarne som paa sine eigne. Det var dette paven ikkje vilde. Men det gjorde mykje til at det ingi kluft vart millom kyrkja og folket her i landet.

Professor Taranger peikar paa dette i stykket sitt um „Den eldste kristendom i Norge": prestarne livde med folket fraa vogga til gra vi, i gode og vonde dagar, i sorg og i gleda; presten vigsla deira giftarmaal, høyrde deira skriftemaal, la paa deim bøter, salva deim med den siste olje, signa deira gravøl og vatnet som liket vart tvege i, vakte um natti yver dei avlidne og bad for deira sjæl; han var bonde som dei hine bønderne og dyrka si jord som ein annan leiglending.

Difor fall det av seg sjølvt at dei gamle norske prestarne gjorde Norigs nasjonale sak til si sak. I det 14de og 15de aarhundrad, daa stormennerne vaare sveik fedralandet, daa dei sette sin eigen bate høgre enn lands-baten, — daa stod det norske prestestand med erkebispen av Nidaros i brodden og stridde til siste mann for at Norig ikkje skulde koma inn under Danmark. Maatte so den siste erkebispen, Olav Engelbrektsson, røma landet (1537), daa tykkjer eg det er som kveldsoli gladde, „og natti seig paa landet ned med trældom og tunge tider".

Men daa vart det natt for den norske kyrkja

med.

Ein skulde trutt at reformasjonen maatte vore eit framstig — her i landet som i alle andre land. I Sverik, i Danmark, i Tyskland, i Holland, i England — gjekk det umaateleg fram etter reformasjonen: det gjekk fram i religiøs styrke, og dermed gjekk det fram i moral, i kultur, i økonomisktframtak, i alt. Men i Norig gjekk det attende dei fyrste hundrad aar etter reformasjonen.

Ja for: det var no ein rar reformasjon me fekk.

Me fekk honom saman med danskeveldet. Paa sjølvsame riksdagen i Kjøpenhamn 1536, der reformasjonen vart vedteken, tok dei og avgjerd um Norigs trældom: Norig skulde ikkje lenger vera eit sjølvstendigt rike, men ein lut av Danmark liksom Jylland og Fyen, „et ledemod av Danmarks rige til evig tid".

Fullt so ille vart det no ikkje. Men det syner kva leid det bar.

Fyrst kom dei danske adelsmennerne, skulde gjera det grovare reformasjons-arbeid i Norig. Grovt gjorde dei det. Dei reiste fraa kyrkja til kyrkja, skulde ribba kyrkjorne for alt katolsk. Og dei ribba vel med seg: alt som var av sylv, alt som hadde noko verde tok dei med seg; det var katolsk for deim. Liketil altar-kari tok dei ut or kvar einaste kyrkja og reiste til Danmark med. Her i landet vart dei i beit med aa halda altargang fleire aar etter „reformasjonen" var innførd; dei laut daa faa seg nye altarkar av tre og tin, som me kann lesa i dei gamle kyrkjestolarne, til dess dei fekk kosta seg nye av sylv. (Det finst vel snaudt 10 altarkar att som er fraa den katolske tid). Det var ein rar reformasjon dette.

Men so dei nye prestarne?

Ja danskekongen var i beit med preste-emne. Han bruka mange raader. Han slo saman mange kyrkjor til eitt prestegjeld. I den tid var det anneksi kom upp. I den katolske tidi var det prest ined kvar kyrkja. No hende det (som i Røyldal) der dei fyrr hadde havt gudstenesta kvar vika, fekk dei no berre ei gudstenesta for aaret, naar soknepresten kom den lange vegen fraa hovudsoknet.— 12 —

So var det ikkje rare kararne heller, mange av dei nye prestarne. Danskekongen tok det han hadde: dugløysor som ikkje var brukande i Danmark; like til slike som hadde dumpa til student-eksamen dernede, so hadde han kappa og krage paa deim og sende deim upp til prestar i Norig. Slike kunde ikkje preika sjølve, dei hadde ikkje kunnskapar til det. Men dei kom med ein dansk postil under armen, og las upp or i kyrkjorne. Og folket skyna

ikkje ein mukk.

Berre so mykje skyna dei: her var bod fraa Danmark at dei skulde skifta tru. Men det vilde dei ikkje. Daa var det folkekyrkja vaar fekk sin store knekk, ein knekk ho lid under den dag i dag. Fraa den tid kjenner me klufti millom det norske folk og den norske kyrkja.

Det var sagte undantak, slike som Nordlands-presten Peter Dass. Men i det store og heile vart dei nye prestarne framande for folket. Dei tok embættet som eit livebrød, og folket totte presten var ein dyr kar aa føda paa. Det vart laga eit ordtøke um prestesekken som aldri vart full. Prestesekken hadde vore like stor fyrr; men hjartelaget til aa fylla honom minka hjaa folket, som ven-tande var. Presten laut bruka retten; me les um semjor millom prest og kyrkjelyd, um tvistemaal,. naar presten totte lian ikkje fekk det han skulde, eller ein av aalmugen meinte, han kravde for mykje.

Eg undrast um det ikkje er i denne tidi hilt verset i Draumkvædet um „ein styggings rygge" hev fenge ny adressa: dei brytja nedi ein preste-

'•ygge-

Me hev ei segn fraa Telemarki som teiknar tidi etter reformasjonen. Der stod presten, hr. Peder, paa preikestolen i Selgjord-kyrkja; han var endaa ein lærd prest, so han kunde preika sjølv;

xnen folket skyna ikkje (let han iala, og dei sat og sov i kyrkja. So med eitt kjem det nokre underlege tonar strøymande inn utantil, fraa Kivle-møyarne. Daa vakna folket og lydde: det var gamle kjende heimlege tonar dette: det var lenge sidan dei hadde høyrt deim no. Og tonarne drog alle ut or kyrkja, inn under lidi; der vart dei standande med dogg paa kinn; der fekk dei guds-tenesta paa sitt eige maal. Daa no presten saag alle hadde reist ut, for han og etter til slutt. No gjekk ikkje prestarne i brodden lenger, men hinkra etter til slutt „bak sin sokneskare". Saag han kor dei stod der hjartegripne, daa mana han Kivle-møyarne i stokk og stein, og forbaud folket syngja dei gamle tonarne.

Dette er berre ei segn. Men det er ei sann segn; for ho gjev eit sant bilæte au tidi. Eg skal nemna historiske sidestykke som provar det.

Paa liknande maate forbaud dei nye prestarne folket i Telemarki aa syngja Draumkvædet. So lite vit hadde dei paa den gamle folkekristendom. So ille for dei med denne gjævaste perla i den gamle kristelige folkedikting.

Fyrste bispen som vitja Telemarki etter reformasjon, Oslo-bispen Jens Nilsson, hev skrive ei dagbok Lim ferdi si. Der fortel han og kor han tala til folket. Eg skal herma noko etter honom; •det er fraa 1595: „Derefter havde biskopen sin formanings tale til almuen, hvorudi han lagde dem alvorligen paa sinde at aflægge sjon og erve og med kjørmesse at holde og anden saadan afgudisk og papistisk handel."

Kva var no dette? Sjon, eller sjaund som dei enno segjer i Hardang, er det same som gravøl, dei heldt det paa sjaunde dagen. Erve var ein fest ervingen heldt den dagen han tok arven sin i <eiga. Kjørmesse, eller kyrkjemessa, var ei høgtid

dei lieldt i kvar bygd, aarsdagen daa kyrkja deira hadde vorte innvigd.

Kann nokon finna kva „afgudisk eller papistisk handel" det var i dette? Ja sjølvsagt hev det fvlgt katolske skikkar med, fraa den katolske tidi. Men i staden for aa reinsa ut det som ikkje høvde med sann kristendom, so tok desse nye prestarne og fordømde baade likt og ulikt i den gamle folkekristendom. Dei kasta barnet ut med badevatnet, som me seg'jer, og det er litt leidt naar dei gjer det. Dei var i verste meining av ordet nokre radikale karar, desse nye prestarne. Dei vilde riva upp alt det gamle med roti, og planta alt fraa nytt.

Som vel var, lieldt folket fast ved si gamle tru. Hadde dei ikkje det gjort, hadde dei vorte reint utarma. Det var steinar for brød dei fekk av desse nye prestarne Folket vart standande som ein saueflokk utan hyrdingar. Ei villmanns-tid vart frukti av denne ..reformasjon": med drykk og. slaasting og draap, ei av dei myrkaste tiderne i Norigs soga.

Det som heldt livet uppe i desse tiderne, daa „det kom kulde paa Herrens kyrkjemark", — det var den gamle folkekristendom som gjekk i arv: i kvar bygd hadde Vaarherre sine trugne; her var ei mor som lærde borni sine beda til Gud; her var ein far som lærde borni Guds bodord. Og folkekyrkja vaar stod der, som det gamle trauste treet gjenom den lange vetteren: det er smaasamt aa sjaa til, der det stend utan blad og utan blom;: men naar vaaren kjem, daa sprett det; daa synest det at det var liv i det gamle treet.

Her eit aar kom eg upp i Eksingdalen, ein avdal paa Vestlandet, der prestarne etter reformasjonen snaudt fann vegen ein gong' for aaret. Der fekk eg høyra ein salme som (det er historisk visst) hev vore sungen 200 aar sidan der i dalen; tru-- 15 —

leg er lian fraa ikring 1600. Han gjev eit livande bi læte av kor varmt eit kristenliv det kunde gro or den gamle kristentrui i desse myrke dagarne:

Paa Klaarfjell der kvelver seg' borgi so rein, at soli maa skymmast som skuggar. Den borgi er bygd av den kostsame stein som ævor og eld ikkje ruggar.

Der bylgjar seg' engjer i vaarbunad lin kring tunet for angande vindar. Kvar morgon ligg doggi som dyraste vin og droplar fraa toppar og lindår.

Kvar morgon der vaknar den vænaste dag, — og livet med Ijoset lyt renna lil høgtid og helg i so høvande lag at maken me her ikkje kjenna.

Der stiga med stolpar i ringar og rad dei høge og heilage hallar. Dei dukade bord skulde gjera deg glad, naar klokkor paa gjesterne kalla.

Og Herren derinne segst vera den mann som grindi l'or hel-borgi sprengde. Den siger han der yver Gløyparen vann: han opna dei dører som stengde.

Den tærande elden han tedde so vel, og inkje i myrkret seg kviide, at utveg han vann fraa den gudlause hel aat kvar som fraa syndi si vilde.

No liver han heime, der mor hans er fru og hugsamt med gjesterne sva Har. Ho ser at paa sonen i kjærleik dei tru og Herre med vyrdnad han kalla.— 16 —

I ævor deri mie ei stundi vert long:

dei grunda paa sælaste gaata.

Der bid ikkje sorg. Men so væn lyder song

at taaror sorn perlor dei graata.

Lik blomar um vaaren vert kjærleiken ny; den sæla i ævor skal vara.

Lik dagen som for — den som raudnar i sky for hundrad i hugnad skal svara1).

Tvo hundrad aar etter reformasjonen vart konfirmasjonen innførd, og dermed skularne ordna. Det kom meir kristendoms-kunnskap inn i landet.

Lat vera at det var danske biblar som kom inn i dei norske heimarne. Det er saart aa tenkja paa: me nordmenner hadde vore eit av dei faae folk i den gainle tid som fekk Guds ord paa sitt eige maal; no var me det einaste folk i Europa som ikkje fekk bibelen paa morsmaalet; me laut liva av smularne fraa det danske bord. Men — smular er og brød; det var daa Guds ord paa ei vis, um det var paa dansk.

Lat vera at det var danske katekismor som vart bruka i dei norske skularne! So lenge tedde prestarne det inn i skulemeistrarne, og so lenge tedde skulemeistrarne det inn i borni, til slutt so skyna dei daa noko av det. Og det var betre enn ingen ting.

Men seigt gjekk det, som ventande var.

Annan stad passa reformatorarne alltid paa aa bruka folkemaalet. Her i landet vart grunntanken i reformasjonen

fornegta, og vert det enno den dag i dag. Det er Vaarherres meining at hans evangelium

l) Ord og tone hev eg fenge prenta i „Høgskulebladet" 1905.skal verta forkynt for alle folk, so kvar hegrer det i sitt eige tungemaal. Det er ei grunnlov i Kristi kgrkja fraa kuitsundagen av. Denne grunnlovi liev det norske kyrkjestgre krenkt i 3—WO aar. Kva det liev mein-ka den kristelege folkevokstr i Norig, er truleg meir enn nokon av oss skynar. Aldri rekk kristendomen ned paa botnen av folkehjarta der han kjem paa eit framandt maal. Det er raamande ord fraa ein norsk bondegut: vert det sagt til meg, „du skal ikke stjæle", — daa skynar eg det nok; men segjer dei „du skal ikkje stela", — daa kjenner eg det.

Det vart lite liv i den norske kyrkja av det prestarne preika, anten det var dei stive rett-truande eller det var pietistarne eller herrnhutarne. Dei religiøse straumarne som i 18de hundrad-aaret trengde inn i Danmark fraa Tyskland, naadde snaudt upp til Norig, allvisst fekk det norske folk lite godt av deim.

Det same gjeld rasjonalismen; og glade kann me vera for det. Dei rasjonalistiske prestarne fekk ikkje gjort so stor skade her i landet som annan stad. Folk drog paa akslarne aat dei turre aand-lause preikorne deira: jamenn kom han inn paa potetorne i dag au, sa dei. „Potet-prestarne" vart dei heitande. — Daa den rasjonalistiske bispen i Kristianssand (Hanssen) kom upp til Telemarki, og vilde telja i folket at det fanst ikkje nokon djevel eller noko helvite — det var berre gamall ovtru —, daa hende det (i Laardals kyrkja) at ein husmann stod upp og sa bispen beint imot: slikt turvte aldri bispen koma med, sa han, for dei visste betre.

Folk hadde ikkje stor tillit til prestarne sine. Og den gong kom det no vel med for so vidt.

Fyrst med Hans Nilsson Hauge kann me segja reformasjonen tek til aa brjota igjenom i det norske— 18-

folk. Ale kann gjerne vera glade i den guten. Eg undrast um det linst maken i noko lands kyrkje-soga: at ein ulærd bondegut skipar ei beil kvrkje-leg rørsla. Men det gjorde han: me er alle no um dagen disiplar av bondeguten fraa Borgesyssel.

Det maatte vera ein bondegut som skulde gjera det vekkjingsarbeidet Hauge gjorde. Prestarne og embætsmennerne i det heile stod ikkje folket so nære at dei kunde gjera det.

Lat oss leggja vel merke til maaten Hauge bruka. Han gjekk ikkje fram so radikalt som reformasjons-prestarne. Han sa aldri til folk: lian duger ikkje den kristendomen de hev. Han sa alltid : godt folk, de maa vakna, de maa ikkje sova, de maa sjaa kva kristendom er, og gjera aalvor av kristendomen. Soleis knytte han vekkjings-arbeidet sitt til den gamle kristne folkearven. Difor kom verksemdi hans heile den norske kyrkja til godes.

Det Hans Nilsson Hauge reiste rundt og preika hadde han ikkje teke fraa seg sjølv. Det var det gamle evangelium som Guds aand gjorde livande for honom, og so kunde han gjera det livande for andre.

Det store framstiget fraa reformasjonen — kvar manns fulle andsvar for Gud — no fyrst kom det.

Det er ikkje noko slumpehøve at folke-fri-doinen vaar kjem samstundes med den religiøse nv-vekkjing.

Yaaren er yver landet: „det lyser kring strender som sol ein sumarkveld, det gløder kringt grender ein heilag altareld". Olavs-tanken fraa Stiklestad skyt ny renning i 1814: utan kristendom ingen fridom, ingi folkelukka.

I det nasjonale gjenombrot paa Eidsvoll kjenner me reformasjons-tankarne att, likso vel som hjaa Hans Niisson Hauge: folkefridomen heng i hop med samvits-fridomen, tankefridomen og talefridomen.— 19 —

Den norske grunnlov hev djupe røter i reformasjonen.

Med vaaren kom varme. Med varmen tok surdeigen til aa syra igjenom med nv kraft. For de veit det, alle som hev med surdeig aa gjera: det lyt varme til.

Ser me attende paa dei siste hundrad aar, gaar me aat store framstig: i upplysning, i moral, i kultur. Folk tenkjer og liver onnorleis no enn hundrad aar sidan.

Lat meg berre nemna ein ting: hundrad aar sidan vart det ikkje rekna for synd her i landet aa drikka seg drukken. Ein kunde vera like god kristen og like god prest um ein tok seg „eit ærlegt rus" ender og daa. Endaa haugianarne

drakk seg eit rus mang ein gong naar dei kom saman. Hundrad aar sidan kunde ein prest segja til tenest-drengjerne sine, leid ut paa jolekvelden: no skal de ut paa tunet aa skrika og huva, so folk i bygdi kann høyra at me hev daa jolegleda paa prestegarden au. (Soleis i Telemarki). Enno 50 aar sidan var det deruppe rekna for ei stor skam naar ikkje alle gjesterne i eit lag vart drukne. Verten gjekk daa og sytte, som garden hans skulde ha brunne. Var det gjester som ikkje vilde drikka seg fulle, so hende det at dei lest vera fulle — til trøyst for verten, og til aa fria seg sjølve fraa skammi; folk glodde fælt paa deim som ikkje vart drukne; dei bruka eit ordtøke: Gud naade den som ikkje Guds gaavor bit paa. — Men kom »o upp til Telemarki: det som fyrr var ei skam, det er no ei æra; det som fyrr var ei æra, er no ei skam.

Det er surdeigen som hev syrt igjenom tankegongen og livevisi. Eg kunde nemna fleire slike tløme. Det gjeng fram alt fort.

Me kann alle fortelja um tankar og tokkar— 20 —

ine hev fenge fraa Jesus Kristus: tank-ar um rett og sanning, syn for eit reint og godt og kjærlegt mannaliv, tankar um syndsforlating og umvending til Gud —! Det er tankar me ikkje kann verta kvitte, kor gjerne me vilde, — dei er gjengne oss i blodet fraa barndomen: me kann liva tvert imot, men kvitte deim vert me ikkje.

Paa eit ungdoms-møte sa ein talar nokre aar sidan: „Det er tvo strengjer me vil spela paa i ungdoms-arbeidet vaart. Den eine strengen er Jesus-strengen. Den andre strengen er den menne-skjelege strengen, og den lyt me stilla etter Jesus-strengen, so dei tvo kann laata vel i hop, so det kann verta full samljod." Jesus-strengen — er det nokon her i landet som aldri hev kjent kor den strengen dirrar paa hjarte-botnen? Jesus-namnet rømer for alle nordmenn det høgste og dyraste og lieilagste dei kjenner. Me som arbeider med ungdomen er glade me veit det: det bid ingen norsk gut, ingi norsk gjenta som ikkje hev slik ein Jesus-streng inni seg; hev me herre lukka til aa faa røra ved den strengen, daa tonar det djupt upp fraa ungdoms-hjarta.

Dette er folkekijrkja vaar aa takka. Det er henne som hev lagt den strengen inn i barne-bjarta, inn i ungdomshugen.

Minnest de ein manns-alder sidan — ein av dei fremste nordmenn er vilde riva Jesus ut or hjarta paa det norske folk! Daa han hadde bala med det eit bil, banna han paa at det var eit tungt arbeid: han sit forbanna fast, sa han.

Det lian banna yver, skulde ikkje me takka for det, skulde me ikkje segja: han sit velsigna fast! det er ikkje so lett aa riva Jesus ut or det norske folke-hjarta; han hev fenge alt for stort rom der til det, i desse ni hundrad aar!

Eg skynar so vel det ein student ein gong— 21 —

sa til meg; han var ein hatar av kristendomen: eg fær ikkje fred nokon stad her i landet, sa han; kvar eg kjem, høyrer eg kyrkjeklokkorne; kvar eg kjem, ser eg kross-merket som minner um Kristus. — Nei det er sant: slik hev kristendomen vove seg inn i folkelivet. Naar ilagget vaart gjeng til topps, daa er det Kristi kross som lyser fraa clen raade duken; det er samlings-mewket aat folket vaart; det retter me ut liksom systkin-armar landet rundt paa høgtids-dagarne.

Skulde det ikkje no snart vera slutt med det tankelause ordet um at „her er heidningar nok her heime!" Det er meint til motlegg imot heidninge-missjonen: „Kvifor skal me senda missjonærar ut til Afrika? me hev nok av heidningar her i landet!" Er det sant? Nei! det er nok o stort vas. Etter 900 aars kristendom hev me ikkje heidningar nok i Norig. Fraafalne kristne hev me altfor mange. Men det er noko anna enn heidningar. E* n fraa-fallen kristen hev større andsvar, men uan hev og den store fyremun: at han hev kristen arv og kristen paaverknad aa byggja paa. „Ein fritenkjar kann liva likso bra som ein kristen!" — ja det trur eg vel — i eit kristna land: lenge etter han hev snutt ryggen til Kristus, ber kristendomen frukt i hans liv.

Dei som hev vore ute i heidningeiand segjer me maa ikkje likna tilhøvi her heime med deim derute. Endaa kulturfolk som indarne og kine-sarane ligg under ein aands-trældom som kristne land ikkje kjenner til. — Ein missjonær fraa Afrika kom til Spania; me veit spanjorarne stend ikkje høgt i kristendom; men like vel sa han: daa eg kom i land i Spania, hadde eg ei kjensla som e9 kom ifraa djevelens rike og radt inn i Guds rike. So stor

skilnad var det paa folkelivet i Atrika, med dei mange tusund-aars heiden arv, og._ 22 —

folkelivet i Spania, der dei daa hadde halvtanna tusundaars kristen arv.

Dette skal me leggja oss vel paahjarta. Me maa læra aa takka for det me eig i den kristne arven fraa fedrarne vaare, arven som den norske folke-kyrkja ber med seg fraa ætt til ætt.

Lærer me takka, so vert me glade; og vert me glade, daa vert me sterke. Mykje av vanstyrken hjaa folket vaart kjem seg av di me er svære til aa klaga, laake til aa takka.

I den siste man ns-alderen hev me havt ei forkynning som svipar mykje paa den radikale maaten i reformasjons-tidi.

Eg veit ein gut sørpaa i landet — dei sat saman ein flokk eldre og yngre — so sa han: her fanst ikkje kristne her i bygdi fyrr vekkjelsen kom. Daa var det ei gamall kona som tok honom i skule: du veit nok ikkje kva du segjer du, guten min; hadde her ikkje vore kristne her i bygdi fyrr vekkjelsen kom, so hadde her ikkje kome nokon vekkjelse heller. Ho hadde syn for: at det Guds aand gjer no um dagen, heng i hop med det Guds aand hev gjort fyrr.

Me treng alltid vekkjande røyster som Hans Nilsson Hauge. Alle former, alle meiningar, all guds-tru kann verta ei soveputa; me treng røyster som ropar til folket: de maa vakna og umvenda dykk; de maa ikkje sova paa at de er døypte, de maa liva som det sømer seg døypte menneskje; de maa ikkje sova paa kyrkjegonga, de maa liva etter Gudsordet de liøyrer i kyrkja.

Men — me kjenner røyster som i den seinare tid hev sagt so til folket vaart: han duger ikkje noko den kristendomen de hev; det munar inkje— 23

aa vera døypt; det munar inkje aa ganga til kyrkje eller til altars; det munar inkje aa lesa og beda; dei gamle skikkarne er berre tome og daude.

Desse røysterne liev kasta barnet ut med bade-vatnet. Dei hev lært folket vaart aa vanvyrda daapen og nattverden, vanvyrda kyrkja, vanvyrda den gamle arven.

Kva liev me so fenge til vederlag? Denne nyare forkynning er mykje komi fraa England og Amerika, — legg hovud-vegti paa røynslor og kjenslor som kvar einskild maa uppliva. Hovud-saki vert daa: at ein kjenner etter inni seg um ein hev den rette tru, den rette anger, den rette um-vending. Eg skynar ikkje kor ein kristen kann faa fred med det; ein ærleg kristen vil alltid linna store brest: det er smaatt og ufullkom« med mi tru og mi um vending.

Kannhenda engelsmannen og amerikanaren bergar seg med aa byggja paa det han røyner sjølv. Han er meir utaatvend han, ineir praktisk: det er so greidt alt saman, tvo og tvo er fire, og so er det „all right".

Me nordmenner er innaatvende; me grundar og rotår i oss sjølve, vil til botnar i oss sjølve, inen me kjem aldri til botnar. Er noko folk van-hjelpt med aa byggja paa elet ein kjenner inni seg, — so er det nordmennerne. Difor gjeng her so mange kristne her i landet og kjem aldri til fred. Difor er her kristne som hev det godt med Gud ein dag, og ikkje godt ein annan. Hev de høyrt paa maken! So gjeng det naar dei byggjer paa kjenslorne; daa vert det sjølvsagt upp og ned.

Kristendomen maa inn i oss; men det er friikterne av Guds arbeid det; og me maa ikkje byggja paa frukterne. Den grunnen me kann byggja *rygt paa, er den som stend anten me byggjer paa— 24: —

honom eller ikkje: det Gud hev gjort, og det Gud hev sagt.

— Det er ikkje underlegt at ein gamall mann kann klaga: det er korne lioko laust yver kristendomen her i landet i det siste; kann lienda her er meir kristendom no enn 50 aar sidan; men den kristendomen som daa var, han var stødare.

Den gamle folkekristendomen var ei barnleg tru paa det som Gud hev gjort. Dei gamle gjekk ut ifraa at Gud er

far for oss alle og vil hava oss alle til sine born; difor hev han sendt sin ein-borne son til frelsar for alle, han hev livt og lide og døydt for oss alle, han stod upp or gravi og sit no ved Guds høgre hand og vil draga alle til seg; difor sender han Anden til aa kalla paa gamall og paa ung; difor er me alle døgpte og hev alle same barneretten; — berre me no gjer bruk av honom, lyder paa Guds ord, som borni lyder paa fars vilje, — samlast som systkin kring Guds bord, so me kann faa magt til aa gjera fars vilje, — ja daa skal han som hev grunnlagt si gode gjerning i oss fullføra henne til Jesu Kristi dag.

I stutte drag trur eg dette er den gamle gode folkekristendom, der han var iivande. At mange kunde sova paa honom, gjer inkje til saki. Denne barnlege tru var stødare, høvde betre aat folke-lyndet her i landet.

Det er vondt aa tenkja paa kor stort vald det er gjort mot norskt folkelynde i kristendomens namn. Det heng i hop med det: at me hev livt paa laan. Aandeleg late hev me vore, livt paa tysk teologi og amerikansk lækpreiking. Folkekyrkja hev fenge lida under dei heimlause straum-dragi i folket, der me alltid hev vilja dilta etter andre, i staden for aa „rydja og byggja oss grender", der me kann „eiga rudningen trygt".

Den nyare vekkjings-maaten hev krenkt noko av det finaste i det norske folkelyndet.

Det høyrer oss nordmenner til: at me er aandeleg bljuge. — Det kann verta for mykje av aandeleg bljugskap: naar mann og kone ikkje kann opna seg for einannan, naar foreldre og born eller gode kammeratar aldri kann faa snakka saman um Vaarherre, — daa er det for mykje av det gode; daa kann det brenna inne mykje som skulde hava luft. — Men elles er den aandelege bljugskapen ei naturgaava fraa Gud til folket vaart. Dermed skal folket vaart læra djupare og varmare aa liva det livet som er „løynt med Kristus i Gud". Løynromet er det allraheilagste i kristenlivet; der skal norske kristne hava styrken sin — i det som me og Gud hev oss imillom: anten me sit paa kyrkjebenken og syng, bøygjer kne ved altarbordet, ber borni vaare fram til døypefonten, eller me sit heime og strider med oss sjølve. Dei djupaste røynslorne kann ord ikkje tolka.

Den nyare vekkjingsmaaten krenkjer bljugskapen, med di han tvingar folk paa kne so mange ser paa det; der stend dei hine og tittar, og kann fortelja vidare: i kveld var han paa kne, i kveld var ho paa kne. Og so skal dei fram og vitna! Ja — naar ein hev trong til det, so lat han faa rom for vitnemaalet sitt: alt som gjeng naturleg hev sin rett. Men naar dei tvingar folk fram — til aa skrifta synderne sine i ei stor forsamling — og fortelja Per og Paal sine dyraste røynslor, daa gjerer dei stor synd mot folket, mest mot ungdomen. Det gjeng som med dei fine plante-røterne: naar dei kjem upp i ver og vind, daa turkar dei. Her hev turka burt mykje av livs-røterne aat kristendomen her i landet paa den maaten. Kann henda engelsmann og amerikanar ikkje tek so mykje skade av det; han er onnorleis laga, utaatvend,

praktisk. Men ein nordmann som legg dei inste hjarterøterne soleis upp i syni paa kven som helst, han tek skade paa si sjæl. Det hev eg set mange gongjer: det vert upp i snakk med heile kristendomen, med vas og lettlynde, sensasjon og reklame og intervju og motesak — aa kor Guds namn kann verta vanhelga! kor heile kristenlivet vert vasa burt gong paa gong.

Det trengst i det aandelege at me gjerer som i mange gamle murkyrkjor. — I ei vyrdlaus tid kalka dei yver murveggjerne, so dei fine bygnings-linorne og bygningsformerne kom vekk. No hev me teke til aa skrapa kalken burt att: me tykkjer dei gamle bygningslinorne lyt. koma til sin rett. — Me eig fine linor i den gamle folke-kristendom som fortener aa vinna rom i kyrkja vaar: den gamle vyrdnaden for Guds ord, den gamle kjærleiken til kyrkjehuset og døypefonten og altarbordet, dei gamle skikkarne med bordbøn og kveldbøn og morgonbøn, og tekstlesing um sundagen naar ein ikkje slapp til kyrkje, — det er so uendeleg mykje verdt at me hev ikkje raad til aa missa det.

Lat oss inkje forfeder ne gløyma under alt som me venda og snu, for dei gav oss ein arv til aa gøyma; han er større ein mange vil tru.

Eg er fegen for me hev fenge ein merkesmann fraa Gud som her syner rette leidi: salme-skalden Elias Blix.

Naar me syng Blix-salmarne, daa finn me Jesu Kristi kongstanke atter: me ser den opne kyrkjedøri med fars hus der det er rom for heile folket.

„Kailande han handi retter ut til alle folk og ætter. Til kvart land og til kvar lyd gjeng hans røyst og inn deim byd.

Alt folk paa jord

fraa sud og nord

han byd til sine hallar.

Fraa alle land

i tal som sand

ved havsens strand

han til sitt bord deim kallar."

Det er den gode gamle grunnen i den gamle-folkekristendomen : det Gud hev gjort, og det Gud hev sagt. Ikkje veike kjenslor, men trygg og fast tru paa Gud — det er undertonen i Blix-salmarne. Han syng um Glids underlege gjerningar til jol og paaske og pins.

Han syng um Gads underlege gjerningar ved døypefonten og" nattverdbordet.

„Der inn i heilagdomen, der fordom blømde Arons.

stav,

der spring enn beste blomen, der enno gror nytt:

liv av grav.

Der Anden atter føder dei smaa med vatn og ord. Der samlast me med brøder soin gjester ved Guds

bord.

Der er det sæle stunder, der livna daude upp, der læra me det under at turre tre skyt knupp."

Han kveikjer lieimekjensla i kyrkja vaar, so me kjem heim att til livs-kjeldorne, som ein systkin-tlokk i far-huset. So vert det samanheng, millom livet i kyrkja og i heimen. „Fraa kyrkja inn i stova skal ordet lysa ned!"

•

I det heile hev Elias Blix ei sers lukka til aa binda saman det som me her i landet hev rive sundt; eit sund-rive folk hev me vore, og er me enno i so mange ting.

Han knyter i hop det gudelege og det menneskje-lege, det folkelege og det kristelege, det som me hev rive laust fraa einannan. Det umenneskjelege, ufolkelege kristenliv og det gudlause folkeliv lid like mykje ved sund-rivingi. Hjaa Blix vert guds-livet og mannalivet til eitt i ei heil støyping; han stiller den menneskjelege strengen etter Jesus-strengen, so det vert full samljod. Han syng um naturi og aarstiderne, um heimen og ungdoms-tidi, um fedralandet og folkelivet:

Alt kann yndigt saman klinga til ein høgsong for vaar Gud.

Ein slik kristendom er det me treng no: ikkje ein sundags-kristendom som me legg fraa oss med sundags-trøya naar me kjem heim; men ein kvar-dags-kristendom som fær strøyma inn i alt vaart liv, ein heilstøypt kristendom som gjeng umvendings-vegen til Gud med alt:

„— so ei fatig fiskarbud

vert ei kyrkja for vaar Gud."

Elias Blix knyter saman bandi millom oss og fedrarne. Me ser samanhengen i soga vaar, fedra-hjarto vert umsnudde til borni, og barnehjarto til fedrarne, — det veit me er vegen til aa verta eit vel-skikka folk. Blix hev gjeve oss fedralands-salmen, han hev gjeve oss Olavsok-salmen og refor-masjons-salmen og 17de mai-salmen.

Folket vaart hev no endeleg lært aa elska fedralandet og fedra-landssoga — i Jesu Kristi namn. Det er noko nytt dette. Det norske folk held paa aa verta eit nytt folk, eit Guds folk paa nytt, — berre med denne eine salmen paa folkemunne: Gud signe vaart- 29 —

dyre fedraland. Me held paa aa faa tak i livs-traaden i soga vaar: utan Olavs-ok 1030 ingen 17de mai 1814.

Det er gildt aa sjaa i mange bygder der Blix-salmarne vinn rom: dei gamle og dei unge finn einannan i deim. Det høyrer og med til det sund-rivne hjaa folket vaart: at gamlingarne skynar so lite ungdomen, og ungdomen skynar so lite dei eldre. So lenge det er soleis, vert det aldri rette-leg godt med eit folk.

I Blix-salmarne finn dei unge seg til rettes: det er so trygt og greidt og einfelt og heimlegt, ungdomen lærer aa elska desse salmarne: den ljose voni og den varme trui som møter deim der, med bod fraa far-hjarta og frelsar-hjarta, — aa for ei magt slike tonar eig til aa draga paa ungdomen!

Og dei gamle kjenner att i Blix-salmarne dei gode gamle tonarne fraa det gamle apostoliske evangelium; naar dei gamle fyrst gjerer seg so pass bry at dei vén seg til aa syngja dei nye salmarne, — aa kor glade dei vert. Eg veit fleire gamle som paa si sotteseng helst vilde høyra Blix-salmar sungne. Her er den full-tonande kristne trui paa heile Guds frelsa, heile evangeliet um Guds son som vart menneskje, avla ved Heilag-aanden og fødd av Maria møy, um Kristi kross og Kristi opne grav, um Aandens samfund i trui paa Frelsaren. I ei tid daa me mest treng til det hev Gud gjeve folket vaart desse salmarne, som syng den gamle kristentrui djupare og djupare inn i folkehjarta.

Ein kgrkjefar i den norske folke-kyrkja vil Elias Blix nemnast: — fyrst ved hans livs-verk vinn re-for masjons-verket siger i Norig.— 30 —

Her er mykje aa bøta i folkekyrkja vaai.

Ho treng friåre kaar. Ho treng sjølvstyre. Staten viser seg — nett no um dagen meir enn nokosinne fyrr — uskikka til aa styra den norske kyrkja. Pavekyrkja og rikskyrkja liev gjort sitt; no kjem tidi for den frie folkekyrkja.

Ho treng umbøter baade her og der (med skriftemaal og konfirmasjon og fadderskap, og kyrkjetukt, ikke minst yver prestar og lækpreikarar).

Men mest av alt treng ho ei ny aand: den varme truande og tenande aandi, der alle vil tena einannan og ingen spela meister, — der kyrkja vil tena folket og ikkje sitja paa domarsætet. Det er so vondt aa sjaa attende paa det lange faafengde arbeidet med kyrkjelege umbøter: jamt og stødt rann det ut i magt-spursmaalet, kven som skulde hava mest aa segjaü So var det kannhenda ei lukka det gjekk som det gjorde: med den aandi kunde me ikkje byggja folkekyrkja vaar.

Me treng ein kristen norsk ungdom, som set si æra i aa tena Kristus i sitt fedraland. Me treng ein ungdom med andsvars-kjensla for Gud, ein ungdom som er sterk og sunn til aa segja seg laus fraa alt som er Gud imot; ein friviljug her av ungdom som vil gjera Kristus til konge i Norig, til konge yver ungdomslivet, til konge yver heim-arne og yver heile folkelivet.

Naar me hev fenge ein sovoren ungdom landet rundt, — daa vil det renna ein ny dag for den norske folkekyrkja.Hjaa Norsk maalkontor, Oslo og i bok-buderne er aa faa:

Johannes Skar:

Soga um Justinus Martyr

Kr. 0,75.

Peter Rosegger:

Presten Høllbart

Ei soga fraa reformationstidi

Paa norsk ved Rasmus Løland Kr. 1,20.

Stille Stunder.

Eit norskt blad fyr tru og gudlegdom Kjem ut i Volden kvar 14. dag og kostar 1 kr. fyr aaret. Kann ikkje tingast paa mindre enn eit aar. Tingarsamlarar fær paa 5 løyste blad det sette fritt. Bladstyrar: provst Johs. A Barstad.

„Gula Tidend"

kjem ut i Bergen tri vendor i vika og kostar kr. 1,80 halvaaret.

„Gula Tidend" er skrive paa norskt maal og hev til program aa faa det norske maal i bruk att i alle høve.

„Gula Tidend" vil føra ein frilynd politik og elles standa fritt til alle sidor.

„Gula Tidend" vil freista lata lesarane sine faa vita det nye som hender baade heime og ute.

„Gula Tidend" er styrd av Joh.s Lavik, og mange av dei beste maalmenner skriv i bladet. Mange dugande yngre menn ute fraa bygderne hev skrive i l.ladet i dette aaret som gjekk og kjem til aa skriva i det aaret som kjem.

„Gula Tidend" er det einaste politiske bladet paa norsk utanfyr Oslo.

Norske folkeskrifter.

Desse smaabøkerne er so greidt og folkeleg skrivne so kvar ffiann med ein grand umtanke kann lesa deim og læra av deim. Der skal kvart aar koma skrifter um emne fraa aandsvitskap °g naturvitskap, fraa norsk folkeliv og næringsliv; sume skal gjeva rettleiding i dagsens gjerning, sume skal hjelpa til [-aande-]eg-] {+aande-]eg+} vokster, og alle er dei tenkt til framgang for det norske tolket. — Hjelp daa til at dei kann koma inn i kvar heim!

Dei som tingar skrifter for minst 5 kr., fær 15 pct. avslag og fri sending attaat, naar dei skriv beinast til Norsk maalkontor, yslo, eller til Det vestlandske maalkontor, Bergen. Pengarne maa tylgja med (i brev eller posttilvisning).

. Skriv ein etter minst 10 stykke av landbruksskrifterne, fær em deim som kostar 10 øyre, for 7 øyre, og dei andre for halve prisen. Like eins fær ein „Alkoholen og helsa" og „Norsk Sälsaesong. Elias Blix" for halv pris, naar ein tek minst 10 stk.MorsMe folk:e©fe:s*iftei».

2. Ivar Aasen, med bilæte. Av Arne Garborg. Andre

upplaget (tridje—femte tusund) (24 s.) . . . .20 øyre 5. Naar det vert lite høy. Av Tore Gjære.....10 —

7. Mjølk og smar. Av N. Ødegaard. Andre upplaget 15 —

8. Norske folkevisor i. Med ei utgreiding ura visedansen av Kulda Garborg. Femte upplaget (sekstande—tjugande tusund) (48 s.).....25 —

10. Gjer heimen din fager! Av Ellen Key.....15 -

12. Alkoholen og helsa. Av dr. Frimann Koren. Fjorde

upplaget (23de—32de tusund) (32 s.).....15 -

Skuleutgaava.............10 —

13. Norsk klædebunad, med ti bilæte og ei mynster-teikning. Av Hulda Garborg. Andre upplaget 30

14. Bærtre og bærdyrking. Av ,/. O. Aashamar ... 10 —

16. Gamall norsk prydkunst. Ved Lars Kinsarvik og Halvdan Koht. Med 22 teikningar ved Lars Kinsarvik. (32 s.). Andre upplaget.....30 —

17. Um gjødsel. Av Ivar Nesheim. Andre upplaget. 30 —

18. Ungdomen og skogen. Med 5 bilæte (32 s.) . • 20 —

19. Norske folkevisor il (48 s.).........25 —

20. Livskaar i Norig. Av H. E: Berner (24 s.) ... 15 —

21. Norsk salmesong. Elias Blix. Av Lars Eskeland. Andre upplaget (4de—7de tusund) (46 s.) . . 30 —

22. Norsk maalsoga. Av M- Hægstad- Andre upplaget (4de—7de tusund). (48 s.).........30 —

23. Hønestell. Med 7 bilæte. Av Ola Svinndal Andre upplaget. (32 s.)...........20 -

24. Per Sivle. Ei livssogu. Av Anders Hovden (56 s.) 30 —

25. Ein øysterlendsk religionslærar i vaare dagar. Etter

Max Müller ved Kristofer Janson. (30 s.) . . .20 —

26. Um mjølking. Av Ingebr. Five (28 s.) .... 15 —

27. Eit 4000-aars rike. Av Erik Givskov. (Paa norskt

ved Arne Garborg). (38 s).......30 —

28. Aasmund Vinje. Av Vette Vislie. (48 s.) .... 30 —

29. Farge og norsk folkekunst. Av Andreas Aubert- (23 s.) 15 —

30. Trygding mot arbeidsløysa. Av Fredrik Voss , . 10 —

32. Kunst og arbeid i heimen. Av Sven Moren ... 10 —

33. Grunnlov og manntalslov ....25 —

34. Fred og forsvar. Av N- Gjelsvik. Tridje upplaget

(19de-23de tusund)...........15 —

35. Matstell paa iandsbygdi. Av Huldet Garborg . . . 25 —

36. Mynsterjordbruk i Danmark. Av Mikkjell Lønning . 20 —

37. Pass paa tennerne dine! Av Lauritz Haug . . . 10 —

38. Det fredlyste grerisebeltet. Av N. Gjelsvik ... 20 —

39. Fraa Færøyarne. Færøysk tekst av J- Paturson

og nynorsk umsetjing..........35 —

40. Den norske folkekyrkjä. Ungdomsfyredrag av Bernt Anker.............20

41. Soga um Ijonkrafti. Av Torgeir Bjørnaraa. Med mange bilæte.............

42. Nationalt sjølvstende og millomfolkelegt samarbeid.

A v N. Gjelsvik............20 —

Postpengar 5 øyre for 1—3 skrifter, 25 øyre for alle. Skrifterne er aa faa i alle bokbuder.